



Larsen og Solheim AS
Sandviksbodene 1
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 16/19200

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
04.07.2016

Mellombels bruksløyve for asylmottak - gbnr 99/31 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 342/16

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.12.2015. Ansvarleg søker har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. «Ny kommunal vannledning. Ny provisorisk vannledning tilknyttet ny vannledning ved pumpehus er i drift. Plassering av slukkevannsløsning i området som var akseptert av Lindås brannvern»

Mellombels bruksløyve gjeld for heile tiltaket: asylmottaket
Det vert elles vist til søknad av 30.06.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Vi gjer merksam på at etablering av anlegg som plassering av vannleidningar og kummar er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Dette kan omsøkast som endringssøknad. Alle tiltak mellom byggegrensa og veg er søknadspliktig til byggesak og må handsamast som dispensasjonar, jf. føresegnene til kommuneplanen. Dette til orientering.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for asylmottaket på gnr. 99, bnr. 31 på følgjande vilkår:

1. **Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket**
2. **Grushaugene rundt «hotellbygget» må byttast ut i samsvar med rapport frå Eriksen hms AS produsert 15.03.2016 før det vert gjeve ferdigattest.**
3. **Ferdigattest skal liggje føre innan 31.08.2016**



Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3781

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakarar:

Larsen og Solheim AS

Sandviksbodene 1 5035

BERGEN